



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
21.09.2018
Dykkar dato
19.09.2018

Vår referanse
2018/10478 421.3
Dykkar referanse

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 Lonevåg

Svar - Korrespondanse - Osterøy - Mindre endring av kommunedelplan for sjø og strandsone og kommuneplanen sin arealdel

Vi viser til epost frå kommunen datert 12.09.18 og telefonsamtale 19.09.2018, om vurderingar kring mindre endring av kommunedelplan for sjø og strandsone og kommuneplanen si arealdel.

Vi er samd med mykje av kommunen si vurdering og vil gjerne medverke til ei så smidig løysing som råd, men vi lyt samstundes finne ei løysing der vi med tilstrekkeleg tryggleik kan sjå at dei lovgjevne omsyna, mellom anna i plan og bygningslova § 1-8 vert sikra.

Om omfang av tiltak er lite, så vil vi primært rå kommunen til å ikkje endre byggegrensa slik at ein kan vurdere kvart enkelt tiltak i ein dispensasjon.

Om tiltak er av eit slikt omfang at kommunen meiner byggegrensa må endrast, må ein konkret vurdere dei allmenne strandsoneverdiane kvart enkelt område og ev. etter dette trekke ei byggegrense i kartet og gje relevante føresegner til tiltaka på ein slik måte at strandsoneomsyna ikkje vert sett vesentleg sette til side. Vi vurderer då at omfanget av planendringa vert av ein slikt storleik at endringa må handsamast som ei endring av plan.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.